



Mildrid Hartveit i midten flankert av Frode Sæbø og Olaug Spissøy Kyvik (opphaveleg Stord-jente, busett i Oslo), fotograf/regissør i Fenris Film.

I dag har dei to uskedelingane Frode Sæbø og Thor Inge Døssland vore på Varaldsøy Aldersheim. Dei har gjort lydopptak til dokumentarfilmen som vert laga om saka rundt nedlegginga av aldersheimen. Dei to tøffe damene, Torborg Skjelnes og Mildrid Hartveit, nekta som kjent å flytte ut då kommunen vedtok nedlegginga. No vert dei hovudrolleinnehavarar i filmen.



[Olaug Spissøy Kyvik gjer opptak med Thor Inge Døssland.](#)

Det er Fenris Film som har ansvar for filmminnspelinga, og det er meininga at dei to uskedelingane skal ha relativt beskjedne roller i filmen som etter planen skal visast på TV2 til våren.

Fenris Film er eit anerkjent filmselskap som har spesialisert seg på dokumentar-sjangeren, og dei har fleire ganger vore nominert til Gullruten i denne klassen.

-Før og etter opptaket fekk vi treffa Mildrid og prata med henne. Det var ei triveleg dame, akkurat slik vi har opplevd ho på fjernsynsskjermen. Skulle noko av opptaket vi gjorde, bli brukt i filmen der Torborg og Mildrid har hovudrollene, er det veldig kjekt, oppsummerer Thor Inge Døssland etter dagens opptak.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen.

Foto: Frode Sæbø/Thor Inge Døssland.